

VR-sak [12/17](#): Brexit – kva dette har å seie for Vestlandet, og korleis Vestlandsrådet kan påverke den vidare prosessen.

Brexit påverkar Noreg sitt forhold til EU og Storbritannia

Storbritannia har vedteke å tre ut av EU. Prosessen vil setjast i verk frå britisk side innan utgangen av mars 2017. Noreg er ikkje part i dei kommande forhandlingane mellom EU og Storbritannia. Vi vert likevel direkte påverka, då den britiske EU-medlemskapen i dag set rammene for store delar av det norsk-britiske samarbeidet.

Det er viktig å understreke at det skal forhandlast om to, ikkje berre ein avtale mellom EU og Storbritannia. Først sjølve utmeldinga; mellom anna om kor mykje Storbritannia skal betale til EU sitt budsjett og relokalisering av EU-byrå frå Storbritannia til andre medlemsland. Her er fristen to år etter den såkalla artikkel 50 i Lisboa-traktaten. Avtalen om utmelding gjeld berre vilkåra for utmelding og eventuelle overgangsordningar fram mot ein ny avtale. Ein avtale mellom EU og Storbritannia om tilhøve etter utmeldinga har ingen fristar, og vil forhandlast om etter andre prosedyrar. Avtalen om det framtidige forholdet mellom EU og Storbritannia og ev. overgangsordningar vert viktig for Noreg.

Det er generelt viktig for Noreg å oppretthalde eit best mogleg handelspolitisk samarbeid med Storbritannia og ein best mogleg tilgang til den britiske marknaden, samtidig som ei vidareføring av EØS-avtalen og andre avtalar Noreg har med EU ivaretaast. Fram til formell utmelding er vårt handelspolitiske forhold til Storbritannia regulert gjennom EØS-avtalen. Den norske regjeringa er klar til å diskutere konkret vårt framtidige handelsmessige samarbeid med britane så snart tilhøva ligg til rette for det. Lisboa-traktaten av 2007 har klare reglar for utmelding; britane kan ikkje forhandle med tredjeland før utmeldinga av EU er klar. Noreg kan med dette ikkje få på plass ein bilateral avtale med Storbritannia før «skilsmisseavtalen» mellom EU og Storbritannia er klar i 2019.

Område med særskilt tyding for Vestlandfylka

Regjeringa har sett opp ei oversikt over nokre av dei viktigaste områda for Noreg i dei komande forhandlingane. Britisk utmelding av EU har særleg påverknad for Noreg kva gjeld tryggleik, handel, rettar for norske borgarar, politi og justissamarbeid, miljø- og klimasamarbeid, forvaltning av fiskeriressursar, samferdsle og forskning. I tillegg vil det få konsekvensar for utvikling av politikk og former for samarbeid i Europa. Meir info om norsk vurdering av Brexit finn vi på regjeringa sine sider:

https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/brexit_norge/id2541874/

For vestlandfylka vil handel, rettar for norske borgarar, forvaltning av fiskeriressursar og energi vere særleg viktig. Storbritannia er ein av Noregs største handelspartnarar både for varer, tenester og investeringar. Eksporten til Storbritannia utgjer litt under ein femdel av Noregs samla eksport av varer og tenester. Når Storbritannia går ut av EU, vil EØS-avtalen i utgangspunktet ikkje lenger vere grunnlaget for handelen mellom Noreg og Storbritannia. I fråværet av nye avtalar vil dei fire fridomar (fri bevegelse av varer, tenester, kapital og personar) opphøre å gjelde som det rettslege rammeverket for vår handelspolitiske relasjon til Storbritannia. Noreg må inngå nye bilaterale avtalar med Storbritannia når landet forlét den indre marknaden og EØS. Omfanget av vår handel, men også meir djuptgripande økonomisk integrasjon med Storbritannia, tilseier at det framtidige avtaleverket må vere langt meir

omfattande enn det som følgjer av WTO eller ein tradisjonell handelsavtale. Ein ny avtale med Storbritannia kan vere bilateral med Noreg åleine eller innanfor Efta/EØS-fellesskapet.

Om lag 20.000 norske borgarar bur i Storbritannia (2015), medan omlag 14.500 personer frå Storbritannia er busett i Noreg. EØS-avtalen gjev norske borgarar rett til fri innreise og, innanfor visse ramar, rett til å ta arbeid/opphald i heile EØS-området, inkludert Storbritannia (og vice versa). Retten til å ta utdanning i Storbritannia på lik linje med andre EØS-borgarar forsvinn. Det vil vere viktig for Noreg å sikre at norske arbeidstakarar, studentar og andre skal kunne bu, arbeide, studere og opphalde seg i Storbritannia, og omvendt, etter den britiske utmeldinga frå EU og EØS. Det vil vidare vere viktig å sikre gode overgangsordningar for nordmenn som allereie bur, jobbar og studerer i Storbritannia, i tida før eit nytt avtaleforhold er på plass.

Noreg har eit tett energisamarbeid med Storbritannia. Storbritannia er den viktigaste marknaden for norsk petroleumsretta leverandørindustri, og norsk gass står for omtrent 40 % av gassforbruket i Storbritannia. I 2016 var eksport frå leverandørindustrien på 36 milliardar kroner. Brexit skaper ein viss usikkerheit knytt til dei framtidige rammevilkåra for den britiske marknaden. Storbritannia har store havområde som grenser til Noreg. Fellesforvaltning av fisket i Nordsjøen og forhandling mellom kyststatar om forvaltning av dei pelagiske artane i Nordsjøen vert viktig. Når Storbritannia ikkje lenger er med i EU må landa og EU forhandle fram nye avtaler om kvotar og rettar i fiskerisoner. Det er viktig å få på plass eit avtaleverk for fiskeriforvaltninga som inkluderer Storbritannia.

Fylkeskommunane si rolle

Per i dag er situasjonen og utfallet av avtalen om utmelding uklare. For Noreg er det naudsynt å halde seg oppdatert og førebu seg til nye forhandlingar med Storbritannia, og sikre samarbeid med EU-landa gjennom EØS-avtalen. For vestlandsfylka vert det viktig å vere kopla på når den norske regjeringa førebur og startar forhandlingar, og spele inn viktige vestlandsinteresser når aktuelt. Vestlandsfylka er geografisk nært Storbritannia og har tette historiske og handelsmessige band over Nordsjøen. Fylka har god oversikt over eige næringsliv og lokale forhold som vil vere viktige i det vidare samarbeidet med Storbritannia utanfor EU.

I Meld. St. 22 (2015–2016) blei det understreka at fylkeskommunane er ein partnar for staten i gjennomføringa av nasjonal politikk på dette området. Fylkeskommunane ser internasjonalt engasjement som ein naturleg og integrert del av oppdraget sitt som regional samfunnsutviklar. Det regionale engasjementet – der mange norske fylkeskommunar er sentralt plasserte – er eit viktig tillegg til det nasjonale engasjementet. Det er derfor viktig at nasjonale og regionale styresmakter utviklar et godt samspel gjennom «Team Norway». «Team Norway» er uttrykk for godt norsk lagarbeid for å oppnå resultat til beste for norske interesser. Samarbeid mellom styringsnivåa skal bidra til auka verdiskaping i norsk økonomi gjennom informasjonsutveksling, samordning og koordinert innsats og initiativ.

Stortingsproposisjon 84S (2016–2017) understrekar at fylkeskommunane, og etter kvart dei nye fylkeskommunane, må involverast tidlegare og meir aktivt i det europapolitiske arbeidet til departementa og etatane. Slik vil departementa få tilgang til nye perspektiv, kompetanse dei sjølv ikkje sit på, og fleire kanalar for påverknad i europapolitikken enn dei foruma staten sjølv er representert i. Samstundes vil ein slik tovegsprosess gje fylkeskommunane betre innblikk i dei langsiktige moglegheitene og utfordringane departementa arbeider med. Regjeringa vil leggje til rette for at departement og direktorat styrkjer samarbeidet med regionalt folkevalgt nivå i det europapolitiske strategiarbeidet og arbeidet med prioriterte satsingar på nasjonalt nivå. Når dei nye fylkeskommunane er etablerte, vil regjeringa

gjennomgå dei arenaene der sentrale og regionale styresmakter møtast rundt internasjonale spørsmål, for å medverke til å sjå dei ulike arenaene i samanheng og bruke dei meir effektivt.

Utanriksdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet tek sikte på å reorganisere Europapolitisk Forum slik at dei nye fylkeskommunane blir godt representerte i dialogen mellom regjeringa, kommunesektoren og Sametinget om europapolitiske spørsmål. Ein tek sikte på at alle fylkeskommunane skal vere direkte representerte i forumet. Nordsjøkommisjonen vedtok på styremøtet 24. mars i år å etablere ei beredskapsgruppe (task force) for Brexit. Hensikta er å jamføre informasjon og diskutere vidare oppfølging, herunder regionane sin rolle. Vestlandsrådet vedtok i møte i februar 2017 å utnemne ein politikar til å delta i gruppa. Fyrste møte er sett til 7. juni i Brussel. Internasjonal gruppe i Vestlandsrådet vil støtte den politiske representanten administrativt.

Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

1. Vestlandsrådet understrekar at det er viktig for Noreg å oppretthalde eit tett samarbeid med Storbritannia.
2. Vestlandsrådet og vestlandsfylka ønskjer å gje innspel til dei norske forhandlingane med Storbritannia om nye avtalar, når desse kjem i gang. Europapolitisk forum kan nyttast som arena for koordinering og dialog.
3. Vestlandsrådet ønskjer å nytte tilgjengelege kanalar og nettverk for å spele inn interesser og få tilgang til informasjon, og utnemner (politikar i Vestlandsrådet) til å delta i Nordsjøkommisjonen sin beredskapsgruppe (task force) for brexit.
